

951549770

MELAND KOMMUNE

Mobilnummer

957 35 405

E-postadresse

laila.bjorge@meland.kommune.no

Kontonummer 1503 18 83722

Vedtaksdato

29.05.2019

Vedtaket er gjort av

Fylkesmannen i Vestland

Søknadsdato

01.04.2019

Vår ref.

2019/8323, Agros 115826

Tilskot frå Klima- og miljøprogrammet (KMP), tilskot til fylkesvise prosjekt i Hordaland 2019 - Klimarobust grasproduksjon-bønder som taklar dårleg ver

Vi viser til søknaden dykkar datert 01.04.2019 om tilskot til Klimarobust grasproduksjon-bønder som taklar dårleg ver. De søkjer om 60 000 kroner.

Vedtak

Fylkesmannen tildeler inntil 120 000 kroner i tilskot til prosjektet Klimarobust grasproduksjon-bønder som taklar dårleg ver. Godkjende totale kostnader for prosjektet er 330 000 kroner. Det utbetalte tilskotet kan ikkje vere på meir enn 36,4 prosent av prosjektets faktiske kostnader.

Fristen for å gjennomføre og levere rapport frå prosjektet er 30.09.2021.

Grunngjeving for vedtaket

Fylkesmannen har vurdert prosjektet med grunnlag i utlysingsteksten for denne søknadsomgangen og dei retningslinjene som gjeld for tilskot til tiltak innanfor Klima- og miljøprogrammet (KMP), tilskot til fylkesvise prosjekt for Hordaland. Utlysing og retningslinjer er tilgjengeleg på nettsidene våre.

De har søkt Fylkesmannen om midlar både frå utgreiings- og tilretteleggingsmidlane og Klima- og miljøprogrammet. Prosjektet vil formidle lokal kompetanse saman med rådgivingstenesta om kva tiltak som verkar i arbeidet med grovfôrproduksjon i eit endra klima. Prosjektet svarer godt på den særskilde satsinga i Klima- og miljøprogrammet på kunnskapsutvikling om klimautfordringar. Gjennom aktiviteten i prosjektet og samarbeidet med rådgivinga og faglaga meiner vi at dette vil ha stor overføringsverdi. Av praktisk grunnar og av omsyn til rapportering og arbeid med dette, har vi valt å tildele heile søknadssummen frå Klima- og miljøprogrammet.

Rapportering og utbetaling

Prosjekteigaren skal sende prosjektrapport på fastsett skjema, sluttrapport og førespurnad om utbetaling til Fylkesmannen. Før rekneskapen slik at Fylkesmannen kan samanlikne han med kostnadsoverslaget og finansieringsplanen i søknaden. Før opp utgifter utan meirverdiavgift dersom denne blir refundert i avgiftsrekneskapen til prosjekteigaren.

Tilskotet vil bli betalt ut når Fylkesmannen har godkjent sluttrapporten og sluttrekneskapen.

Vilkår

- Dersom prosjekteigaren ønsker å endre tiltaket eller få utsett rapporteringsfristen, må prosjekteigaren søkje Fylkesmannen. Prosjekteigaren må grunngje endringar eller behovet for utsett frist og ved behov leggje fram oppdatert prosjektskildring og budsjett.
- Dersom prosjekteigaren avsluttar prosjektet eller ikkje gjennomfører det etter planen, må Fylkesmannen få melding om det. Fylkesmannen kan trekkje tilbake heile eller delar av tilskotet dersom prosjektet ikkje blir gjennomført som planlagt.
- Fylkesmannen kan krevje tilbakebetaling av heile eller delar av det utbetalte tilskotet dersom prosjekteigaren ikkje har gjennomført prosjektet i samsvar med føresetnadene.
- Fylkesmannen føreset at resultatane frå prosjektet er tilgjengelege for alle interesserte, og at Fylkesmannen står fritt til å formidle dei. I omtalar av prosjektet skal de opplyse at prosjektet er støtta med midlar frå Fylkesmannen.

Klagerett

De kan klage på dette vedtaket til Landbruksdirektoratet. Send klaga til Fylkesmannen i Vestland. Vi vil sende saka vidare til Landbruksdirektoratet dersom vi ikkje gjer om på vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at de har motteke dette brevet. De kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og § 19.

Med helsing
for Fylkesmannen i Vestland

Saksbehandla av: Trude Knutzen Knagenhjelm

Godkjent av: Bjørn Harald Haugsvær